



Arkivnr: 2018/211-5
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		16.10.2018
Fylkesutvalet		25.10.2018

Rehabilitering/ombygging/ mindre tilbygg i skulesektoren - Fordeling nr. 4 - 2018

Samandrag

Saka gjeld fordeling av dei siste 9,05 million kr. av løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. I saka rår ein til at desse midla vert fordelt med 3 million kr. til prosjekt for betre tilhøve ved Årstad vgs. og 6,05 million kroner til pågåande ombygging ved Sandsli vgs. Ombygginga ved Årstad vgs. gjeld elevtenester, medan løyvinga til prosjektet ved Sandsli er for å sikre vidare framdrift og finansiering.

Økonomi: Tiltaka gjer at heile årets løyving til Rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren er fordelt. I forhold til gjeldande planar vil Sandsli vgs. ha redusert behov for løyvingar i 2019.

Klima: Ingen kjende effektar

Folkehelse: Målet med tiltaka er å gje betre læringsmiljø, og betre tilhøve for elevtenester.

Regional planstrategi: Tiltaka vil være eit ledd i mål nedfelt primært i skulebruksplan.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10	626.020.00	02320	06038 Sandsli vgs. – Ombygging	6 050 000	
10	639.020.00	02320	02170 Årstad vgs. - Elevtenester	3 000 000	
10	777.021.00	02320	03000 Rehab. / omb./ tilbygg		9 050 000
				9 050 000	9 050 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.09.2018

Innleiing

I budsjettet for 2018 er det løyvd 75 Mill. kr. til rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren. Av dette er 65,95 mill. kr. alt disponert gjennom tidlegare politiske vedtak.

I denne saka rår ein til at resterande løyving, på 9,05 mill. kr., vert fordelt til følgjande prosjekt:

Årstad vgs – Elevtenester

Skulen har gjennom fleire år hatt ønske om å samling av elevtenestene ved skulen. Ulike løysingar er vurdert, og ein har konkludert med at den beste løysinga er å samle tenestene i B-bygget ved skulen. Ved å bygge om omlag 250 m² kan ein samle Psykolog/Helsesøster/Lege, samtalerom og rådgjevartenesta på ein stad. Ein legg til grunn at dette vil gjere det lettare å få til eit godt tilbod til elevane. Ein rår til at det vert løyvd 3 million kroner til tiltaket.

Sandsli vgs. - Ombygging

Fylkestinget har i sak 10/2018 løyvd 34 million kroner til oppstart av ombygging av Sandsli vgs. Samla ramme for tiltaket er i same saka sett til 67 million kroner, resterande midlar var forutsett løyvd i 2019.

Ein ser at framdrifta i prosjektet er betre enn det som vart lagt til grunn i fylkestingssaka. Ein rår difor til at det vert løyvd ytterlegare 6,05 million kroner til prosjektet i inneverande år. Samla ramme for prosjektet vert ikkje endra, og venta løyving for 2019 vert difor redusert tilsvarande.